



## Uttale frå Time Idrettsråd – Økonomiplan 2024-2027

Idrettsrådet ynskjer med dette å gje høyringsuttale til kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan for Time kommune for perioden 2024-2027.

Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Time idrettsråd seier at «Kommunen henter inn høyringsuttale frå idrettsrådet i saker som angår idretten»

Styret i Time Idrettsråd har handsama saka i styremøte 25.10.23

Idrettsrådet er nøgd med idrettsatsinga til kommunen og fokus på folkehelsa, mangfold og få alle med.

Idrettsrådet ser ein del utfordringer i kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan for perioden 24-27 med reduserte investeringar, men er nøgd med auken i drifts- og anlegg tilskotet til idrettslaga.

### Fokusområder

Økonomiplanen er eit viktig dokument for idrettslaga i kommunen. Kommunale driftstilskot er særskilt viktig i desse urolege tider for at dei frivillige laga skal kunne gje eit trygt, godt og allsidig tilbod til over 1/3 av innbyggjarane som driv idrett på eit eller anna nivå.

Det same gjeld anlegg for idretten. Difor er bygging, drift, vedlikehald og rehabilitering av både private og kommunale anlegg viktig. For dei private er det naudsynt med rammevilkår som gjer god drift mogleg.

Idrettsrådet er mest oppteken av punkta vi har prioritert i handlingsplanen saman med idretten i Time Kommune når me gjennomgår økonomiplanen.

(Dobbelsjekk disse= Driftstilskot/ Anleggstilskot, Tilgjenge av kommunale anlegg, vedlikehald, bygging av nye anlegg og element som styrker folkehelsa og fysisk aktivitet.

Idrettsrådet ynskjer å legge vekt på følgende områder og vil anbefale endring :

- 1) **Symjehallen må byggjast så snart som mogleg.** Symjehallen er snart 60 år og ein brå stenging på grunn av forfatning kan fort skje. Symjehallen er særskilt viktig for alle skulane /elevane i Time Kommune då symjeopplæring er ein del av læreplanen, og ikkje minst også for idretten (symjeklubb, triatlon) og folkehelsa. Til slutt: sikre at fleire er trygge vatn for å redusera antall drukningsulykker.



**Time Idrettsråd**

- 2) **Investeringstilskot idrettsanlegg.** Den kommunale potten på 2 millionar må aukast. Innbyggjarane i kommunen går glipp av nye og oppgraderte idrettsanlegg som kan betre folkehelsa og skapa mangfold i idretter. Dette er totalt sett billige anlegg for kommunen sin del, både når det gjelder bygging og drift. Gode anlegg er viktig for å auke medlemstala i idrettslaga for å betre folkehelsa. Anleggsituasjonen i Time er dårlegare stilt enn andre jær kommuner og gjennomsnittet i Rogaland. Nye og forbedrede anlegg som klatringsanlegg, klubhus vil gi nye medlemmer og meir engasjement. Klatring og svømmeanlegg i kommunen og regionen er på rødt nivå i henhold til NIF sine rapporter.
- 3) **Anleggstilskot må justeres for kvart privat anlegg som bygges,** med da gjeldende vektall. Beløpet i dag til private idrettslag minkar når fleire anlegg bygges og tilskotet ikkje økes.

**Idrettsrådet ser det som svært negativt at det er redusert med ei stilling på kultur/fritids kontoret i kommunen. Kulturkontoret er til svært god hjelp i den daglege drifta til klubbane og uvurderlige når det gjelder søknadsprosesser mot kommune, stat og andre instanser i forhold til økonomisk støtte.**

### **Sluttord**

Kommunedirektøren har laga eit informativt budsjett. Me håper idrettsrådets innspel merkes og tas hensyn til.

Bryne, 02.11.2023

### **Time Idrettsråd**

Gunn Djønne Berland

Judith Sørensen Håland

Jon Garman Laland

Ingvild U. Sandmark

Tormod Bjørkli Trond Sikveland

Birger Heigre